


Delårsrapport for 2. kvartal 2020



Delårsrapport 2. kvartal 2020

Rekneskapsprinsipp

Frå 2020 nyttar Valle Sparebank IFRS 9 som rekneskapsstandard. Det visast til noter i årsrekneskapen for 2019.

Forvaltningskapital

Pr. 30.06.20 er forvaltningskapitalen på 1.876,3 mill. kroner. Dette er ein auke på 203,6 mill. kroner, eller 12,2 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.06.20 på 1.476,8 mill. kroner, som er ein vekst på 106 mill. kroner, eller 7,7 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 66,5 mill. kroner eller 4,7 % i forhold til 01.01.20. Banken har ved utgangen av 2. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 688,2 mill. kroner, ein auke på 7,0 mill. siste 12 mnd. Total utlånsending (eigen balanse og EBK) er 5,5 % siste år. Av samla utlån til kundar utgjer 10,9 % utlån til BM og 89,1 % utlån til PM på eiga bok. Simulert vekst i utlån for heile året er på 9,5 % på eiga bok, og på 6 % samla på eiga bok og EBK.

Innskot frå kundar

Innskot frå kundar er pr. 30.06.20 på 1.399,7 mill. kroner, som er ein auke på 167,6 mill. kroner, eller 13,6 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 94,2 % av brutto utlån. På same tid i fjor var tilsvarende forholdstal 89,4 %. Det har vore ein auke i innskot på 86 mill. kroner eller 6,5 % sidan 01.01.20.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt visar eit overskot på 7,78 mill. kroner, mot eit overskot på 7,34 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt visar eit overskot på 6,63 mill. kroner, mot et overskot på 6,09 mill. kroner til same tid i fjor. Eigenkapitalavkastninga etter skatt annualisert er på 5,83 %.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 14,35 mill. kroner, som er 0,12 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,61 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 1,73 % på same tidpunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 8,17 mill. kroner, som er ein auke på 1,32 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 13,62 mill. kroner mot 13,36 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 6,47 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 6,47 mill. kroner i fjor. Sum driftskostnader utgjer 1,52 av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 1,63 på samme tid i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjer ein kostnad på 1,1 mill. kroner. Til same tid i fjor var det kostnadsført 0,4 mill. kroner. Netto misleghald utgjer 14,3 mill. kroner, ein auke på 3,4 mill. kroner frå førre frå førre kvartal. Det er stort fokus på denne porteføljen frå bankens administrasjon.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 235,9 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal 2020. Dette gjev ei kapitaldekning etter konsolidering på 20,03 % der årets overskot ikkje er lagt til bankens ansvarlege kapital. På same tid i fjor var kapitaldekninga på 19,36 %. Rein kjernekapital er pr. 2. kvartal 2020 på 19,04 % konsolidert.

Likviditet og kredittrisiko

Likviditeten er god, og banken har ei innskotsdekning på 94,2 %. Styret har stor fokus på myndighetenes likviditetskrav. Ved kvartalsskiftet var bankens LCR på 154.

Spesielle kommentarer til kvartalsregnskapet

Covid-19 utbrotet har prega økonomien både globalt, nasjonalt og lokalt sidan januar 2020. Sjølv om samfunnet delvis er opna opp att, vil det vere ein viss usikkerheit også framover. Valle Sparebank har også merka konsekvensane av dette, og det er framleis stor usikkerheit rundt kor lenge krisa vil vare og kor store konsekvensane av den vil bli. Men Valle Sparebank har ein god kapital og likviditetssituasjon, og har relativt liten eksponering mot dei næringane som har vist seg å vere mest utsett så langt. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover. Noregs Bank har redusert styringsrenta frå 1,5 % til 0 % i forbindelse med covid-19 utbrotet. Valle Sparebank har fylgt dette opp med å sette ned renta for kundane, noko som har medført svekka rentemargin for banken. Styret i Valle Sparebank meiner banken er godt rusta til å møte den usikkerheita samfunnet for tida er inne i, og for vidare vekst.

Valle, 14.august 2020

Anne Gjerden (leiar)

Elisabeth Spockeli

Knut Inge Hovet

Kent Lund

Tor Arild Rysstad

Jostein Rysstad (adm.banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

	Noter	2.kv. 2020	2.kv. 2019	01.01.- 30.06.2020	01.01.- 30.06.2019	2019
Renteinntekter og liknande inntekter berekna etter effektiv rente metoden		10.917	12.082	24.443	23.375	50.657
Renteinntekter på egedelar vurdert til virkelig verdi		646	0	1.357	0	0
Rentekostnader og liknande kostnader		5.303	4.693	11.453	9.150	20.185
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		6.260	7.389	14.347	14.225	30.472
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		2.508	2.382	5.404	4.746	10.507
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		368	499	794	910	1.793
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		2.996	2.494	2.996	2.551	2.677
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	7	1.764	129	441	349	611
Resultatandel investering i tilknytt selskap		0	0	0	0	0
Andre driftsinntekter		55	53	118	105	218
Netto andre driftsinntekter		6.955	4.559	8.165	6.841	12.220
Løn og andre personalkostnader		3.064	825	6.471	6.472	21.039
Andre driftskostnader		3.000	5.276	6.911	6.638	5.131
Av- og nedskrivningar på ikkje-finansielle egedelar		116	124	233	249	498
Sum driftskostnader		6.180	6.225	13.615	13.359	26.668
Resultat før tap		7.035	5.723	8.897	7.707	16.024
Kredittap på utlån, garantiar mv.	4	-289	65	-1.115	-364	-2.329
Resultat før skatt		6.746	5.788	7.782	7.343	13.695
Skatt på resultat frå vidareført verksemd		880	860	1.150	1.250	3.091
Resultat av ordinær drift etter skatt		5.866	4.928	6.632	6.093	10.604
Verdiendringar knytt til investeringar i eigenkapitalinstrument		-2.685	0	-2.685	0	495
Sum andre inntekter og kostnader som ikkje blir omkl. til resultatet		-2.685	0	-2.685	0	495
Totalresultat		3.181	4.928	3.947	6.093	11.099

Balanse		Noter	Beløp i hele tusen		
			30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Eigedelar					
Kontantar og kontantekvivalentar			3.320	3.223	2.403
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			84.120	60.365	80.505
Utlån til og fordringar på kundar		3,4,5	1.476.750	1.370.799	1.410.249
Renteberande verdipapir		6	185.146	117.468	109.396
Finansielle derivat			0	0	0
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument		6	107.335	97.411	112.511
Eigarinteresser i tilknytta selskap			0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap			0	0	0
Immaterielle eigedelar			0	0	0
Varige driftsmidlar			13.610	14.011	13.818
Andre eigedelar			3.874	7.277	5.692
Anleggsmidlar og avhendingsgrupper halde for sal			2.180	2.180	2.180
Sum eigedelar			1.876.335	1.672.734	1.736.754
Gjeld og egenkapital					
Innlån frå kredittinstitusjonar			135.531	110.385	85.469
Innskot og andre innlån frå kundar			1.399.683	1.232.046	1.313.711
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir		7	100.034	99.892	99.912
Finansielle derivat			0	0	0
Anna gjeld			7.685	6.923	6.071
Avsetningar			1.454	8.731	2.794
Ansvarleg lånekapital			0	0	0
Fondsobligasjonskapital			0	0	0
Sum gjeld			1.644.387	1.457.977	1.507.957
Innskoten eigenkapital			0	0	0
Opptent eigenkapital			228.001	208.664	228.797
Fondsobligasjonskapital			0	0	0
Periodens resultat etter skatt			3.947	6.093	0
Sum eigenkapital			231.948	214.757	228.797
Sum gjeld og eigenkapital			1.876.335	1.672.734	1.736.754

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønnsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01. - 30.06.2020. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, herunder IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskriften gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2019. For overgang til IFRS vert det vist til årsrekneskapen 2019 note 31.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnadar og må nytte estimat og skjønnsmessige vurderingar. Estimater og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnadar om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til dei føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap - 2. kvartal 2020

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskrivning vert rekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiserings vekt ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Det er for tida stor usikkerheit knytt til dei økonomiske tilhøva og utsiktene. Det medfører at banken sine tapsnedskrivningar for kundar i både trinn 1, 2 og 3 må baserast på nye scenarioer og føresetnadar. Det er teke omsyn til om kundane også etter ei normalisering, og på lengre sikt, vil vere negativt påverka. Bankane har konkret vurdert om utlåna til kundane har indikasjon på auka kredittrisiko eller om utlåna har vorte kredittforringa med utgangspunkt i at det vil vere bransjar og kundesegment som må forventast å verte ekstra hardt ramma. Vurderingane er gjennomført på både individuelt nivå (større engasjement og utsette engasjement) og gruppenivå og ved bruk av skjønnsmessige vurderingar.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved berekning av forventa kredittap. Det er knytt stor usikkerheit til utviklinga i verdien på panteobjekta på kort og lang sikt. Banken har ved berekninga av forventa kredittap vurdert engasjement som er mest utsatt for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgast gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementa er vurdert til å ha forhøga kredittrisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3. Det er eit fåtall av banken sine bedriftskundar som har motteke vesentlege midlar frå støtteordningar, og tapsberekninga er med dette i mindre grad påverka av slike støtteordningar.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett ved å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst muleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarande instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrakt bruk av skjønnsmessige vurderingar, blant anna ved vurdering av kredittrisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av desse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større usikkerheit enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

Andre usikkerheitsfaktorer

Noregs Bank har redusert styringsrenta til 0 %. Bankane sine utlåns- og innskotsvilkår er som følge av dette redusert og dette vil medføre redusert neto rentemargin.

Note 2 - Misleghaldne og tapsutsette engasjement

	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Misleghaldne engasjement:			
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	15.797	12.259	11.747
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	2.082	0	0
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar i 2019) misleghald	3.560	1.375	-3.375
Netto misligholdte engasjement	14.319	10.884	8.372
Tapsutsette engasjement:			
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - personmarknaden	2.283	2.312	2.282
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	5.893	3.410	5.840
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar i 2019) tapsutsett	3.349	3.199	-3.350
Netto tapsutsatte engasjement	4.827	2.523	4.772

Note 3 - Utlån og fordringar på kundar, fordelt på sektor og næring

	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Lønsmottakarar og pensjonistar	1.323.811	1.230.432	1.281.892
Jordbruk, skogbruk, fiske	11.808	9.849	9.297
Industri	19.015	15.297	11.292
Bygg og anlegg	37.348	33.408	35.268
Handel, hotell, transport, tenester	20.820	29.387	30.155
Finansiering, eigedomsdrift	69.657	48.035	40.393
Offentleg forvaltning og andre	3.639	11.566	10.707
Sum utlån før nedskrivningar	1.486.098	1.377.974	1.419.004
Steg 1 nedskrivningar	-1.314		-985
Steg 2 nedskrivningar	-924		-1.045
Gruppevise nedskrivningar		-2.600	
Steg 3 nedskrivningar (individuelle nedskrivningar i 2019)	-7.110	-4.575	-6.725
Sum utlån til og fordringar på kundar i balansen	1.476.750	1.370.799	1.410.249
Utlånportefølje hos Eika Boligkreditt AS	688.214	681.172	692.231
Totale utlån	2.164.964	2.051.971	2.102.480

Note 4 - Nedskrivningar og tap

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innreknings-tidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månadars venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

2.kv. 2020**Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden**

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2020	276	432	4.620	5.328
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	11	-107		-96
Overføringer til steg 2	27	2		29
Overføringer til steg 3				0
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	27	2	69	98
Utlån som er frårekna i perioden	-13	-36	-915	-964
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-132	10	1.031	909
Andre justeringar	-31	68	129	166
Nedskrivningar personmarknaden pr. 30.06.2020	165	371	4.934	5.470

2.kv. 2020**Brutto utlån til kundar - personmarknaden**

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Utlån pr. 01.01.2020	1.218.517	55.585	11.263	1.285.365
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	22.882	-22.882		0
Overføringer til steg 2	-22.926	22.926		0
Overføringer til steg 3				0
Nye utlån utbetalt	166.426	1.820	0	168.246
Utlån som er frårekna i perioden	-121.172	-7.844	283	-128.733
Konstaterte tap			-1.067	-1.067
Brutto utlån personmarknaden pr. 30.06.2020	1.263.727	49.605	10.479	1.323.811

2.kv. 2020**Nedskrivinger på utlån til kundar - bedriftsmarknaden**

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Totalt
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	
Nedskrivinger pr. 01.01.2020	583	612	2.105	3.300
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	15	-166		-151
Overføringer til steg 2	-49	334		285
Overføringer til steg 3				0
Nye utlån utbetalt	37	11	22	70
Utlån som er frårekna i perioden	-38	-128	-39	-205
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-125	-54	17	-162
Andre justeringar	446	335	69	850
Nedskrivinger bedriftsmarknaden pr. 30.06.2020	869	944	2.174	3.987

2.kv. 2020**Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden**

	Steg 1	Steg 2	Steg 3	Totalt
	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	
Nedskrivinger pr. 01.01.2020	98.282	33.244	5.844	137.370
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	10.538	-10.538		0
Overføringer til steg 2	-4.426	4.426		0
Overføringer til steg 3				0
Nye utlån utbetalt	41.786			41.786
Utlån som er frårekna i perioden	-11.163	-5.667	-39	-16.869
Konstaterte tap				0
Brutto utlån bedriftsmarknaden pr. 30.06.2020	135.017	21.465	5.805	162.287

2.kv. 2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivinger på unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivinger pr. 01.01.2020	93	427		520
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	16	-108		-92
Overføringer til steg 2	-5	79		74
Overføringer til steg 3				0
Nedskrivinger på nye kredittar og garantiar	37	16		53
Nedskrivinger på unytta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-50	-237		-287
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-28	5		-23
Andre justeringar	4			4
Nedskrivinger pr. 30.06.2020	67	182	0	249

2.kv. 2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unytta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseført engasjement pr. 01.01.2020	86.310	24.692	16	111.018
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	14.132	-14.132		0
Overføringer til steg 2	-6.916	6.916		0
Overføringer til steg 3	0	0		0
Nye/endra unytta kredittar og garantiar	22.381	12		22.393
Engasjement som er frårekna i perioden	-24.595	-3.837	74	-28.358
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.06.2020	91.312	13.651		105.053

Individuelle nedskrivinger på utlån og garantiar	2.kv. 2020	2.kv. 2019	2019
Individuelle nedskrivinger ved begynnelsen av perioden	6.725	4.575	5.575
Auka individuelle nedskrivinger i perioden	1.300		1.000
Nye individuelle nedskrivinger i perioden			150
Tilbakeføring av individuelle nedskrivinger frå tidlegare periodar			
Konstaterte tap på lån som tidlegare er nedskrive	-915		
Individuelle nedskrivinger ved slutten av perioden	7.110	4.575	6.725

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	2.kv. 2020	2.kv. 2019	2019
Endring i perioden i steg 3 på utlån (individuelle nedskrivinger i 2019)	385	460	2.610
Endring i perioden i steg 3 på garantiar (individuelle nedskrivinger i 2019)			
Endring i perioden i venta tap steg 1 og 2 (gruppevise nedskrivinger i 2019)	-105		
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegare er føreteke nedskrivinger i steg 3 (individuelle i 2019)	915		
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivinger i steg 3 (individuelle i 2019)	152	28	99
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivinger	-232	-124	-380
Tapskostnader i perioden	1.115	364	2.329

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeidar rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknaden (BM). Personkundar som vert fylgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter bankens vurdering, er det ikkje vesentlege skildnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovedmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

	2.kv. 2020				2.kv. 2019				2019			
	PM	BM	Andre område	Totalt	PM	BM	Andre område	Totalt	PM	BM	Andre område	Totalt
RESULTAT												
Netto renteinntekter	6.339	613	-692	6.260	7.286	717	-614	7.389	26.462	6.482	-2.472	30.472
Utbytte			2.996	2.996			2.494	2.494			2.677	2.677
Provisjonsinntekter m.v.	2.234	274		2.508	2.127	255		2.382	9.492	1.015		10.507
Provisjonskostnader m.v.	328	40		368	446	53		499	1.620	173		1.793
Netto vinst/tap på finansielle instrument			1.764	1.764			129	129			611	611
Andre driftsinntekter			55	55			53	53			218	218
Netto andre driftsinntekter	1.906	234	4.815	6.955	1.681	202	2.676	4.559	7.872	842	3.506	12.220
Løn og andre personalkostnader	2.729	335		3.064	737	88		825	19.006	2.033		21.039
Avskrivningar på driftsmidlar			116	116			124	124			498	498
Andre driftskostnader	2.672	328		3.000	4.711	565		5.276	4.635	496		5.131
Sum driftskostnader før tap på utlån	5.402	662	116	6.180	5.448	653	124	6.225	23.641	2.529	498	26.668
Tap på utlån			-289	-289			65	65			-2.329	-2.329
Driftsresultat før skatt	2.844	184	3.718	6.746	3.520	265	2.003	5.788	10.693	4.795	-1.793	13.695
BALANSETALL												
Utlån til og fordringar på kundar	1.323.811	162.287		1.486.098	1.218.867	159.107		1.377.974	1.281.892	137.112		1.419.004
Innskot frå kundar	973.693	425.990		1.399.683	872.108	359.938		1.232.046	932.961	380.750		1.313.711

Note 6 - Verdipapir

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi

Nivå 1 - Verdsetting basert på noterte priser i ein aktiv marknad for identiske egedelar og forpliktingar.

Nivå 2 - Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare priser for identiske egedelar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk, egedel eller forplikting.

Nivå 3 - Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Bankens verdsettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapet sine egne estima.t

Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi.

	NIVÅ 1 Kvoterte priser i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings-teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings-teknikk basert på ikkje-observerbare marknadsdata	Total
30.06.2020				
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		185.146		185.146
Aksjar og andelar til verkeleg verdi over resultatet		46.213		46.213
Aksjar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader			61.122	61.122
Sum verdipapirer	0	231.359	61.122	292.481

Avstemming av nivå 3

	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse	66.602	
Realisert resultatført vinst		
Urealisert resultatført vinst/tap		
Urealisert vinst/tap i andre inntekter og kostnader	-2.226	
Anskaffa ved kjøp		
Salg	-3.254	
Utgående balanse	61.122	0

30.06.2019

			Total
Renteberende verdipapir til lågaste verdis prinsipp	117.468		117.468
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument til lågaste verdis prinsipp	45.428		45.428
Aksjer, andeler og andre eigenkapitalinstrument til kostpris		51.984	51.984
Sum verdipapirer	162.718	50.658	214.880

31.12.2019

			Total
Renteberende verdipapir til lågaste verdis prinsipp	155.117		155.117
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument til lågaste verdis prinsipp			
Aksjer, andeler og andre eigenkapitalinstrument til kostpris		55.955	55.955
Sum verdipapir	155.117	55.955	211.072

Note 7 - Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010793409	26.05.2017	26.05.2021	50.000	50.030	49.952	49.965	3 mnd.NIBOR + 1,10
NO0010831936	12.09.2018	12.09.2023	50.000	50.004	49.940	49.947	3 mnd.NIBOR + 0,95
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				100.034	99.892	99.912	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydende	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019	
Ansvarlig lånekapital							
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer				0	0	0	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse	Emittert	Forfall/ innløst	Andre endringer	Balanse
	31.12.2019				30.06.2020
Obligasjonsgjeld	99.912			122	100.034
Sum gjeld ved utstedelse av verdipapirer	99.912	0	0	122	100.034
Ansvarlig lånekapital	0				0
Sum ansvarlig lånekapital	0	0	0	0	0

Note 8 - Kapitaldekning

Beløp i tusen kroner	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Eigenkapitalbevis			
Overkursfond			
Sparebankens fond	212.984	205.119	214.098
Gåvefond	3.938	3.545	5.045
Utjæmningsfond			
Fond for urealiserte vinster	8.393		
Frådrag	-41.412	-36.571	-38.812
Rein kjernekapital	183.903	172.093	180.331
Fondsobligasjoner			
Kjernekapital	183.903	172.093	180.331
Ansvarleg lånekapital			
Netto ansvarleg kapital	183.903	172.093	180.331

Eksponeringskategori (risikovekta verdi)

Statar			
Lokale og regionale myndigheter	6.689	1.001	3.030
Institusjonar	29.649	11.795	15.793
Føretak	42.411	52.785	31.879
Pantesikra eigedom	596.075	561.771	570.366
Forfalne engasjement	6.894	13.221	8.356
Høgrisiko			
Obligasjoner med fortrinnsrett	8.843	8.251	7.648
Institusjonar og føretak med kortsiktig rating			0
Andelar i verdipapirfond	12.324	11.207	12.060
Eigenkapitalposisjonar	22.034	22.933	23.802
Andre engasjement	69.604	65.280	66.187
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	794.523	748.244	739.121
Berekningsgrunnlag fra operasjonell risiko	74.751	71.303	74.751
Berekningsgrunnlag	869.274	819.547	813.872
Kapitaldekning i %	21,16 %	21,00 %	22,16 %
Kjernekapitaldekning	21,16 %	21,00 %	22,16 %
Ren kjernekapitaldekning i %	21,16 %	21,00 %	22,16 %

Note 9 - Hendingar etter balansedagen

Det har ikkje førekome hendingar etter utløpet av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i noter til rekneskapen.

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,43 % i Eika Gruppen AS og 0,82 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.06.2020	30.06.2019	31.12.2019
Rein kjernekapital	224.293	206.648	217.633
Kjernekapital	229.417	212.162	223.120
Ansvarleg kapital	235.876	218.677	230.037
Berekningsgrunnlag	1.177.716	1.129.409	1.123.246
Kapitaldekning i %	20,03 %	19,36 %	20,48 %
Kjernekapitaldekning	19,48 %	18,79 %	19,86 %
Rein kjernekapitaldekning i %	19,04 %	18,30 %	19,38 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	7,93 %	8,18 %	8,38 %